



Ing. Taule as  
Kvassnesvn 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/885 - 15/4274

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
16.04.2015

## Byggesak Gbnr 38/73 Helland, 98/89 Mellingen - skytebane - førehandsvarsel om tilbaketrekking av mellombels bruksløyve og varsel om dokumenttilsyn

Dykkar søknad om mellombels bruksløyve for del av tiltaket datert av 10.04.15, supplert 14.04.15.

Radøy kommune gav den 10.04.15 mellombels bruksløyve for tiltaket med grunnlag i stadfesting via e-post frå ansvarleg søker.

Dokumenta som no har komen inn er mangelfulle og gjev ikkje grunnlag for å gje mellombels bruksløyve.

Kommunen har tidlegare stilt spørsmål om avvik rundt plassering av veg og parkeringsplass i høve fylkesveg. Det ligg ikkje føre samsvarserklæring for innmåling og heller ikkje innmålingsdata, og kommunen har ikkje grunnlag for å vurdere om det er avvik i plassering. Tilhøva kring plassering er heller ikkje kommentert av ansvarleg søker.

Kommunen legg til grunn at mellombels bruksløyve kan vere gjeve på uriktig grunnlag og varslar med dette om at bruksløyvet vil verte trekt tilbake om det ikkje ligg føre komplett søknad om mellombels bruksløyve m/lukka avvik **innan 08.05.15**.

Radøy kommune viser også til din e-post av 14.04.15 der du stiller spørsmål ved om det er naudsynt med ny gjennomføringplan pga. «*arbeidsbeskrivelsen i ansvarsrettane ikkje er spesifisert i detalj og det dermed vil vere vanskelig å stadfeste samsvarserklæring med ferdigstilt arbeid*».

Kommunen gjer merksam på at gjennomføringsplan er eit obligatorisk dokument ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, jf. SAK 10 § 8-1 punkt 4:

*«Der det kreves gjennomføringsplan, jf. § 5-3, skal denne vedlegges søknad om ferdigattest og midlertidig brukstillatelse.»*

Erklæring om samsvar i utføring skal vere relatert til prosjektering og ikkje til ansvarsrettane. Basert på dykkar opplysningar er kommunen uroa over korleis ansvarleg søker har syta for at tiltaket har vore fullt ut belagt med ansvar, korleis grensesnitta mellom føretaka er ivaretatt og på kva grunnlag dei ansvarlege føretaka har utført arbeidet.

Kommunen varslar med dette at det vert gjennomført **dokumenttilsyn mot SØK funksjonen** i tiltaket, jf. plan- og bygningslova §§ 25-1 og 25-2.

Saman med søknad om mellombels bruksløyve skal følgjande sendast inn for dokumenttilsyn:

- Samsvarserklæringar for PRO for heile tiltaket.
- Samsvarserklæringar for UTF for den del av tiltaket som er ferdigstilt.
- Ansvarleg søker sin redegjering for grensesnitta mellom dei ansvarlege føretaka.
- Utfylt kontrollsystem for SØK i tiltaket.
- Komplette prosjekteringsgrunnlag.

Kommunen vil også vurdere tilsyn knytt til øvrige føretak i tiltaket.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Andre Michelsen

**Mottakarar:**

Ing. Taule as

Kvassnesvn 33

5914

ISDALSTØ